

---

**Fra:** Laila Bjørge  
**Sendt:** 12. desember 2019 10:22  
**Til:** 'tale.halsor@hfk.no'  
**Emne:** klimatiltak - filmer om klimabonden

Hei

Me fekk 30 000 i tilskotsmidlar til prosjekt vått og vilt klima –praktiske klimatiltak i Meland i 2018. Prosjektet har gått veldig bra og me har laga 4 filmer om klimabonden, som mellom anna har vore vist på landbrukskonferansen m.m. Dei ligg ute på you tube [https://www.youtube.com/results?search\\_query=klimabonden](https://www.youtube.com/results?search_query=klimabonden) Desse har vorte sett frå 261 til 734 gonger som i følge ekspertane er bra for slike «smale» filmer. I november hadde med bondekino i Knarvik – der film og foredrag sette fokus på landbruk og klimatilpassing og det var nesten 50 bønder tilstades. Artigt var det og å sitja på klimagasskurs arrangert av UMB i Oslo i november og oppleve at ein av forskarane frå NIBIO viste bilde av klimabondefilmene, som eit godt døme på korleis ein kan jobba med klimatiltak lokalt.

Eg har ikkje fått laga noko eigen sluttrapport og rekneskap enno, men det nærmar seg slutt på pengane. Forstår eg løyvinga rett at me berre sender ein EHF faktura på beløpet. Me er midt i prosessen om å bli Alver så det er mykje som må gjerast om dagen, og eg har tenkt å bruka januar til å skriva rapport.

Me har to filmer til i produksjon og mange idear til nye. Korleis er mulighet for å få meir pengar frå dykk. Ein av ideane er ein skikkeleg film om grøfting. Filmene kostar mellom 15-25 000 pr. stk, avhengig av kor mykje som må filmast og korleis me gjer det med lyden.

Venleg helsing

**Laila Bjørge**

Landbrukssjef i Meland og Modalen



Meland kommune  
Tenesteområde Plan, Utbygging  
og Kommunalteknikk  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)  
[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)  
[laila.bjorge@meland.kommune.no](mailto:laila.bjorge@meland.kommune.no)

Sentralbord 56 17 10 00 direkte  
56171185, mob 957 35405